Kinn kommune

Kinn kyrkjelige fellesråd inviterer

til

konkurranse på

Skifte deler av tak – Stavang Kyrkje.

Sak 26/7539

Tilbodsfrist 07.08.2026 kl 12:00

1 OPPDRAG

1.1 *Oppdragsgjevar*

Oppdragsgjevar for denne anskaffinga er Kinn Kyrkjelege fellesråd. Kinn kyrkjelege fellesråd er geografisk det same som Kinn kommune. Fellesrådet er sett saman av 6 sokn: Nord-Vågsøy, Sør-Vågsøy, Kinn (Florø og øyene i vest), Bru (Stavang og Svanøy) Eikefjord og Nordal. Det er 7 kyrkjer i fellesrådet eigd av sokna. Kyrkja har ei lang historie i Kinn. Kyrkjene er signalbygg for bygd og by. Dei representerer det annleise rommet der menneske i helg og høgtid, sorg og glede vert tekne vare på. Fellesrådet har ansvar for at dei vert halde godt ved like.

Konkurransen gjennomførast av Kinn kommune på vegne av Kinn kyrkjelege fellesråd.

1.2 *Reglar og prosedyre for anskaffinga*

Anskaffinga blir gjennomført i samsvar med lov om offentlige anskaffelser av 17. juni 2016 (LOA) og forskrift om offentlige anskaffelser (FOA) FOR 2016-08-12-974. del I og del II. Vald prosedyre er open tilbodskonkurranse, jf. FOA § 8-3.

Oppdragsgjevar planlegg å tildele kontrakt utan å ha dialog med leverandørane utover å gjere eventuelle avklaringar/korrigeringar. Dialog gjennom forhandlingar kan likevel bli gjennomført dersom oppdragsgjevar, etter at tilboda er mottatte, vurderer det som formålstenleg. Det blir presisert at ingen leverandørar kan forvente dialog om tilbodet sitt og derfor må levere sitt beste tilbod.

1.3 *Anskaffinga sitt formål og omfang*

Kinn kyrkjelege fellesråd ønskjer å inngå avtale om skifte av tak over koret og kyrkjelydssalen ved Stavang kyrkje.

Arbeidet omfattar i hovudsak demontering av eksisterande skifertak, nytt undertak, ny skifertekking, beslag, takrenner, nedlaup, fjerning av takgjennomføring, rigg, stillas, sikring og avfallshandtering.

Takarealet er anslått til om lag 190 m².

Nærare beskriving av arbeidet går fram av Vedlegg 1 – Beskrivelse.

Kontrakt vert inngått etter NS 8406, med dei tillegg og presiseringar som går fram av konkurransegrunnlaget og vedlegga.

1.4 *Planlagd framdrift*

Det vert lagt opp til følgande tidsrammar for gjennomføring av konkurransen frem til kontrakt vert inngått. Med unntak av tilbodsfrist kan datoar nedafor verte endra.

Planlagde milepælar	Frist
Utlysing av konkurransegrunnlag	16.06.2026
Anbodssynfaring	24.06.2026 kl. 14:00
Spørsmålsfrist	31.07.2026 kl. 12:00
Tilbodsfrist	07.08.2026 kl. 12:00
Kontrakt vert inngått	Snarast etter karensfrist
Ferdigstillelse alle arbeider	23.12.2026

Angåande Synfaring

Synfaring på anleggsstaden (Stavang kyrkje) onsdag 24.06.26 kl 14:00. Vi ber om at tilbydarar som planlegg å delta på synfaringa melder seg på seinast 24.06 kl 12.00.

Påmelding sendast til einar.haugerud@kinn.kommune.no.

1.5 *Tilleggsopplysningar og oppdragsgjevar sin kontaktperson*

Eventuelle spørsmål skal rettast gjennom spørsmål og svar funksjonen i EU-Supply. Svar blir sendt til alle som har registrert seg som mottakar gjennom EU-Supply. Oppdragsgjevar sin kontaktperson for denne anskaffinga er Einar Stavang Haugerud.

Dersom de finn feil eller uklarheiter i konkurransegrunnlaget, så gjer vel å melde desse til kontaktperson i god tid før tilbodsfristen sitt utløp.

1.6 *Endring i konkurransegrunnlaget*

Oppdragsgjevaren har rett til å gjere rettingar, tillegg og endringar av konkurransegrunnlaget som ikkje er av vesentleg karakter, heilt fram til fristen for levering av tilbod går ut. Melding om dette vert å sende alle som har registrert seg som deltakar i konkurransen, gjennom EU-Supply.

1.7 *SHA og Avfallsplan*

Tilbyder skal gjøre seg kjent med foreløpig SHA-plan og prise nødvendige tiltak for sikker gjennomføring av arbeidene. Valgt leverandør skal før oppstart supplere planen med fremdriftsplan, rigg-/stillasplan, metodebeskrivelse, SJA-er, kontaktpersoner og øvrig dokumentasjon som er nødvendig for å håndtere prosjektets risikoforhold. Endelig SHA-plan skal godkjennes av byggherre før arbeidene starter.

Tilbyder skal prise komplett avfallshåndtering, inkludert sortering, sikring på byggeplass, transport, levering til godkjent mottak og nødvendig dokumentasjon. Valgt leverandør skal før oppstart supplere foreløpig avfallsplan med forventede avfallsmengder og rutiner for håndtering av eventuelt farlig avfall. Sluttrapport og kvitteringer fra mottak skal leveres før sluttoppgjør.

2 KRAV TIL LEVERANDØR

2.1 *Kvalifikasjonar*

For å kunne få tilbodet sitt evaluert må leverandøren levere etterspurt dokumentasjon på at han oppfyller kvalifikasjonskrava.

2.2 *Obligatoriske og ufråvikelege krav*

Skatteattest

Kvalifikasjonskrav 1	Det vert kravd at leverandøren ikkje er skuldig skatt eller mva.
Dokumentasjon	Skatteattest for meirverdiavgift og skatt. Attesten skal være oppdatert og ikkje eldre enn 6 månader rekna frå tilbodsfrist. Slik attest hentar du ut på www.altinn.no

2.3 *Leverandørens organisatoriske og juridiske stilling*

Kvalifikasjonskrav 2	Det vert kravd at leverandøren har eit lovleg etablert føretak
Dokumentasjon	Norske selskap: Firmaattest Utanlandske selskap: Godtgjersle på at selskapet er registrert i eit føretaksregister, fagleg register eller eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert.

Kvalifikasjonskrav 3	Det vert kravd at leverandøren har økonomisk evne til å gjennomføre oppdraget. Minimumskrav er at leverandøren er kredittverdig, med kredittverdig menes:

	Score på tilfredsstillande eller betre på minst to av kriteriene soliditet, likviditet og lønnsomhet.
Dokumentasjon	Oppdragsgjevar vil evaluere på bakgrunn av rekneskapstal og nøkkeltal registrert i Proff Forvalt. For leverandørar som ikkje oppfyller krava ovanfor kan ein levere annen dokumentasjon som syner at tilbydar er kredittverdig.

2.4 *Leverandørens tekniske og faglege kvalifikasjonar*

Kvalifikasjonskrav 4	Det vert kravd at leverandøren har erfaring med liknande leveransar. Med liknande meinast skifte av tak i skifer/likande materiale.
Dokumentasjon	Det skal leggast ved referanseliste for inntil 2 liknande oppdrag der ein gjev opp kunde, kontaktpersonen sitt namn og telefonnummer, omfang av avtale og varigheit.

3 KRAV TIL TILBODET

3.1 *Levering av tilbod*

Tilbodet skal leverast elektronisk via EU-Supply sitt konkurranseverktøy innan tilbodsfristen. Systemet tillet ikkje å sende inn tilbod elektronisk via EU-Supply etter tilbodsfristens utløp. Er du ikkje brukar hjå EU-Supply, eller har du spørsmål knytt til funksjonar i verktøyet, for eksempel korleis du skal gje tilbod, ta kontakt med EU-Supply Brukarstøtte på tlf. +47 23 96 00 10 eller på e-post til: kgv@eu-supply.com.

3.2 *Komplett tilbod*

Komplett tilbod skal navngis etter følgande disposisjon:
NB: Det er ikkje nødvendig å legge alt som skal for eksempel under punkt 2 i same fil. Enten kan ein samle alt som høyrer under i eigne mapper som har same namn som punkta under, eller at filnamna på dei filene som høyrer til dei enkelte punkta startar med tallet som vi har satt opp under. Det siste alternativet er å lage ei fil pr punkt under.

1-Tilbodsbrev
Signert tilbodsbrev på norsk i pdf. Eventuelle atterhald må vere klart og eintydig formulert i tilbodsbrevet.

2-Kvalifikasjonskrav

- Dokumentasjon på kvalifikasjonskrav gjeve i punkt 2.2 – 2.4.

3-Prisskjema
Tilbodsskjema i utfylt stand. For meir rettleiing om dette, sjå under tildelingskriteriet pris/prisskjema.

3.3 *Vedståingsfrist*

Leverandøren er bunden av tilbodet i 3 månader frå innleveringsfristen.

3.4 *Alternative/parallelle tilbod*

Det er ikkje høve til å gje inn alternative- eller parallelle tilbod i denne konkurransen.

3.5 *Tilbod på delar av oppdraget*

Det er ikkje høve til å gje inn tilbod på deler av oppdraget.

4 HANDSAMING AV TILBODA

4.1 *Tilbodsopning*

Tilbodsopninga vert utført elektronisk av representantar for oppdragsgjevaren. Det blir ikkje gjennomført offentleg tilbodsopning. Leverandør har ikkje høve til å være til stades ved opninga. Det blir ikkje sendt ut åpningsprotokoll.

4.2 *Avvising av leverandør*

Oppdragsgjevaren har plikt til å avvise leverandørar som ikkje oppfyller dei fastsette og kunngjorde kvalifikasjonskrava. Oppdragsgjevaren kan avvise leverandørar som ikkje har sendt inn anna etterspurt dokumentasjon.

4.3 *Avvising av tilbod*

Oppdragsgjevar har plikt til å avvise tilbod som ikkje oppfyller «skal» krav i lov og forskrift. Oppdragsgjevar kan avvise tilbod som ikkje oppfyller andre krav gjeve i lov og forskrift.

5 AVGJERD AV KONKURRANSEN

5.1 *Avlysing av konkurransen og totalforkasting*

Oppdragsgjevar kan ved sakleg grunn avlyse konkurransen. Dersom ingen tilbod er innanfor budsjettramma vil oppdragvisver kunne avlyse konkurransen.

5.2 *Tildelingskriterier*

Tildeling skjer til leverandøren med lågast evaluerte pris. Pris vert vekta 100 %.

Oppdragsgjevar har vurdert klima- og miljøomsyn i anskaffinga, jf. forskrift om offentlege anskaffingar § 7-9. Oppdragsgjevar vurderer at klima- og miljøomsyn i denne anskaffinga best vert ivaretekne gjennom konkrete krav i konkurransegrunnlaget og vedlegga, og ikkje som eige tildelingskriterium.

Bakgrunnen for dette er at arbeidet gjeld rehabilitering av eksisterande tak, der materialval, utføring og tekniske løysingar i stor grad er fastsette på førehand. Leverandørane har difor avgrensa handlingsrom til å tilby ulike miljøløysingar som kan samanliknast på ein god og etterprøvbar måte.

Klima- og miljøomsyn er ivaretekne gjennom krav til mellom anna lang levetid på taktekkinga, vidare bruk av eksisterande treverk der dette er fagleg forsvarleg, sortering og handtering av avfall, vurdering av mogleg farleg avfall og dokumentasjon ved ferdigstilling.

Oppdragsgjevar vurderer derfor at desse krava gir betre klima- og miljøeffekt enn eit eige tildelingskriterium for klima og miljø.

5.2.1 Pris – 100 %

Oppdragsgjevar har lagt ved eit prisskjema (vedlegg 2) som skal fyllast ut i tråd med rettleiinga på skjemaet. Pris skal gjevast opp utan mva, men inkludert alle andre kostnader.

Ved evaluering av tildelingskriteriet pris vil ein legge til grunn berekna pris oppgjeve i "pris til evaluering" i leverandøren sitt tilbod.

5.3 *Tildeling av oppdrag*

Oppdragsgjevaren si avgjerd om kven som får tildelt kontrakt skal vere skriftleg, og sendast alle deltakarane samstundes i rimeleg tid før kontrakt vert inngått. Med ”kontrakt vert inngått” meiner ein tidspunktet då begge partar underteiknar kontrakten. Vi gjer merksam på at totalpris slik den framkjem i leverandør sitt tilbod, vil være offentleg informasjon og kan sendast ut i tildelingsmelding.

6 VEDLEGG

Med dette konkurransegrunnlaget er det følgjande vedlegg:

Vedlegg 1 – Beskrivelse - skifte av tak på kor og kyrkjelydssal - Stavang kyrkje
Vedlegg 2 – Prisskjema
Vedlegg 3 – Seriøsitetskrav bygg og anleggskontrakter

Vedlegg 4 – Foreløpig SHA
Vedlegg 5 – Foreløpig avfallsplan
Vedlegg 6 – Bilder og tegninger